

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6470 - 22/74212

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
[tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no)

Dato:  
27.09.2022

## **Oversender vedtak om dispensasjon for etablering av båtslepp i betong til klagevurdering - gbnr 10/4 Rødland**

### **Saksopplysningar**

Eigedom: gbnr 10/4  
Adresse: Stranda 924 og 926, 5993 Ostereidet  
Tiltakshavar/eigar: Siren Adelheid Rødland og Thorleif Rødland  
Klagar: Thorleif Rødland

### **Saka gjeld**

Saka gjeld klage på delegert vedtak av 21/6470, datert 26.04.2022, om avslag på søknad frå arealføremålet LNF, byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø samt arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone for etablering av båtslepp i betong i tilknyting til etablert naust tilhøyrande landbrukseigedom - gbnr 10/4 Rødland.

I søknaden var båtslepp i betong opplyst å vere 12 x 2,5 meter med djupne ca. 0,3 meter. I klageomgangen er lengda på båtsleppen gitt eksakte målt av klagar. Båtsleppen er 10,2 meter i lengde. Bredde og djupne er uendra.

Tiltaket ikkje er søknadspliktig etter pbl. § 20-1 da båtsleppen er lågare enn 0,5m over terreng. Tiltaket har krav til dispensasjon. Det vert i dag nytta lunner for å trekke opp båtar. Båtsleppen i betong vil erstatte bruk av båt-lunnar i tre. Naustet har vore plassert på staden i over 100 år i familiens eige med avstand til sjø ca. 10-12 meter ved lågvatn. Tiltaket er planlagt å utført på gbnr 10/1-6. Dette er eit sameige kor tiltakshavar er medeigar.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 07.09.2022, der Alver kommune sitt vedtak datert 26.04.2022 ikkje vart oppretthalden og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø (APM) i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

### **«APM- 114/22 Vedtak:**

Vurdering av dispensasjon frå § 1-8 i plan- og bygningslova for oppføring av båtslepp i betong.

Omsyna som byggeforbodet i strandsona skal sikre er natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Byggeforbodet skal særleg sikre tilgjengeleghet til strandsona

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

for allmenta frå land og sjø og avgrense ytterlegare nedbygging og privatisering av strandsona. I områder der omsyna til allmenta ikkje er særleg sterkt, kan omsynet til naturen og det biologiske mangfoldet på sjø og land grunngje eit sterkt vern av strandsona.

Kommunen har gjennom kommuneplanen differensiert mellom områder som er eigna for utbygging og områder som skal takast vare på. Den aktuelle eigedomen har allereie naust, og kai og båtopptrekk er ein naturleg del av det å ha eit naust. Naustføremålet opnar opp for etablering av slike tiltak. Tiltaka vil såleis vere ein del av allereie etablerte naust.

Når det kjem til allmenn ferdsel og tilgang til denne delen av strandsona, er det vår vurdering at dette området er lite eigna for allmenn bruk, og at oppgradering av båtslepp framfor eksisterande naust vil neppe har innverknad på bruken av området.

I følgje naturbasen er området ikkje registrert som eit kartlagt eller verdsatt friluftslivsområde. Det er heller ingen kjente registreringar knytt til biologisk mangfald som kunne vore påverka av tiltaka.

Det er også ei klar nasjonal målsetting at det skal takast omsyn til strandsoneverdiane i dispensasjonssaker.

Kommunen er samd i at ei skal vere varsam med å gje dispensasjonar i strandsona. Tiltaket er likevel vurdert ovanfor til å ha liten verknad for omsyna i strandsona.

Med bakgrunn i det ovannde, kan ikkje APM sjå at omsynet bak § 1-8 i plan- og bygningslova vert vesentleg sett til side ved å gje dispensasjon i dette tilfellet.

Vidare må fordelane vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2. Det vil alltid vera ei ulempe at eit tiltak er avhengig av dispensasjon for å kunne gjennomførast. Men i dette tilfelte kan vi ikkje sjå at det er knytt andre ulepper av vesentleg betydning dersom det vert gjeven dispensasjon. Tiltaka vil vere ein del av allereie etablert naust.

Med bakgrunn i det ovannde, finn APM at fordelane er klart større enn ulempene. APM har vurdert saka og finn grunnlag for å gje dispensasjon slik som søkt, jf. pbl. § 19-2 og tek klagen til følge.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post [tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no) eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsén  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**

Klage på avslag på søknad fra arealføremålet LNF, byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø samt arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone for etablering av båtslepp i betong - gbnr 10/4 Rødland

2022041913332544

Situasjonskart korr

Klage avslag søknad(752540)

E-post frå søker - kartskisse - gbnr 10/4 Rødland

Søknad om dispensasjon i LNF - båtslipp ver 2 (sept 2021)

Avslag på søknad om etablering av slipp til naust - gbnr 10/4 Rødland

Situasjonsplan Slipp

Vedlegg D-1 Kart

Vedlegg Q-1 Slipp - skisse og foto

Uttale - Alver - gbnr 10/4 Rødland - etablering av slipp til naust - dispensasjon

Uttale frå landbruksavdelinga til søknad om etablering av slipp til naust - gbnr 10/4 Rødland

Uttale til søknad om etablering av båtslipp - gbnr10/4 Rødland

Forhåndssuttale vedr. Søknad om etablering av båtslipp - gbnr 10/4 Rødland

Ny frist og kommentar til statsforvaltarens uttale - gbnr 10/4 Rødland

Erlæring001

Vedlegg B-1 Søknad om dispensasjon i LNF - båtslipp

**Kopi til:**

Thorleif Rødland	Stranda 926	5993	OSTEREIDET
Thorleif Rødland	Stranda 926	5993	OSTEREIDET

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------